| Løpande | SD anlegg (ventilasjon), ref.klimabudsjett | 1 200 | 1 200 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | | | | | | |
| Ny investering | Samlokalisering Omsorgssenter | | 500 | | 500 | | | | | | | | Kost planlegging 2026 - 27 og kr 100 mill legges inn i 2030 - 2032 |
| Ny investering | Eikehaugen | | 5 000 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | | | | | | | | | | | | | |
| Ny investering | .. | | | | | | | | | | | | |
| Ny investering | .. | | | | | | | | | | | | |
| | **Sum egne investeringar** | **161 800** | **155 150** | **58 000** | **17 400** | **61 750** | **59 100** | **41 300** | **65 800** | **4 500** | **10 000** | **20 000** | |

Sal av kommunale bustadar økes fra 1,5 millioner til 5 millioner i 2026.

**25.11.2025 Arbeidsmiljøutvalet**

**Behandling:**

- Kommunedirektøren informerte kort om status for budsjettprosessen.

**Røysting:**
Samrøystes vedteke.

AMU **-** 042/25 **Vedtak:**
AMU tek saka til orientering.

**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**
Endringsforslag, foreslått av  Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet
**Drift:**
Ekstrabevilgning frie midler frå staten, 1,7 mill skal gå til redusert låneopptak
**Investering:**
500.000 kr settes av til lysløype Bjødnabu for 2026
RITS Investering:
Økes med 290.000 til innkjøp av klassesett pc-ar til 10. klasse for 2026.
**Verbalpunkt:**
**3. Brannstasjonar**
Arbeidet med oppgradering av brannstasjonene vert utsett i påvente av ein plan for organisering av brann- og redningstenesta, som skal sikra at beredskapen i heile kommunen er minst like god som i dag
**7. Handlingsregel kraftinntekter**
Kommunestyret ber om ei sak om forvaltning og bruk av kraftinntekter. I saka skal det presenterast forslag til ein handlingsregel som skal sikre god forvaltning og bruk av kraftinntektene til kommunen.

**Røysting:**
Endringsforslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke

Framlegg frå formannskapet med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

KST - 112/25 **Vedtak:**
**Kommunedirektøren sitt forslag:**

**Driftsbudsjettet**
1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med budsjettskjema § 5-4 Løyvingsoversikt drift, første ledd og § 5-4 Løyvingsoversikt drift, andre ledd
2. Kommunedirektøren blir gitt fullmakt til å budsjettera inntil avsette lønnsmidlar frå fellesområdet til kommunalområda i kommunen når lønnsoppgjeret er kjent
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordela netto budsjettrammer som oppsett.

**Investeringsbudsjettet**
4. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med budsjettskjema § 5-5 Løyvingsoversikt investering, første ledd og § 5-5 Bevilgningoversikt investering, andre ledd

**Låneopptak**
5. Kommunestyret godkjenner ei låneramme for 2026 på 61,3 mill. kroner for å finansiera investeringsbudsjettet for 2026 i samsvar med kommunelova §14-15
6. Kommunestyret godkjenner ei låneramme for 2026 på 5 mill. kroner knytt til startlån, i samsvar med kommunelova §14-17

**Øvrige vedtakspunkt**
7. Det kommunale skatteøyret skal vera høgast lovlege sats for alle grupperingar for 2026. Formueskatten vert rekna etter høgaste sats. Naturressursskatt vert rekna etter høgaste sats.
8. Vedtak for utskriving eigedomsskatt.

**<u>Forslag til vedtak eigedomsskatt</u>**

**Forslag til vedtak ved utskriving av eigedomsskatt for 2026 for Hjelmeland kommune:**
I medhald av eigedomsskattelova §1 og § 3 skal følgande utskrivningsalternativ nyttes for skatteåret 2026 :

**Utskrivingsområde:**
Utskriving av eigedomsskatt i heile kommunen, etter lov om eigedomsskatt til kommunane (esktl) § 3, 1. ledd bokstav a.

**Promillesats:**
Den alminnelige skattesatsen for skattepliktige eigedomar er 7 promille, jfr esktl § 11, 1. ledd. Skattesatsane vert differensiert med heimel i esktl § 12 bokstav a og b. Skattesats for bustaddel i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar og fritidsbustader, og ubebygde grunneigedomar (bustad-, fritids- og næringstomter) får eigen sats på 2 promille for skatteåret 2026. Eigedomsskattesats for næringseigedomar, oppdrettsanlegg og næringsdel ved blanda bruk, samt energianlegg er 7 promille.

**Botnfrådrag :**
Det vert ikkje gitt botnfrådrag for bustaddel av eigedomar (herunder fritidseigedomar) som fyller vilkår om sjølvstendige bustaddelar, jfr esktl § 11, 2. ledd.

**Takstvedtekter :**
Takseringa er i samsvar med gjeldande vedtekter for eigedomsskatt, vedtatt i kommunestyret.

**Takstgrunnlag**
Kommunestyret gjer vedtak om utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2026. Utskrivinga er basert på Hjelmeland kommune sine retningslinjer ved alminnelig taksering frå 2020 etter lov om eigedomskatt.

**Fritak:**
I medhald av esktl § 7, bokstav A kan ein unnta eigedom eller bygg eigd av stiftelsar og institusjonar som tek sikte på å gavna kommunen, fylket eller staten. Sakkunnig nemnd tilrår fritak til kulturbygg og anlegg som idrettsanlegg, samfunnshus, bedehus, mv. jfr.vedlagt liste med tilråding frå sakkunnig nemnd.

I medhald av esktl § 7 bokstav B kan ein frita eigedom som har historisk verdi heilt eller delvis for eigedomsskatt. Sakkunnig nemnd tilrår at freda bygg og verneverdige bygg i klasse A og B (sefrak A og B) får fritak frå eigedomsskatt, jfr vedlagt liste med tilråding frå sakkunnig nemnd.

I medhald av esktl § 7 bokstav C kan ein frita bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære i opptil 20 år frå den tida bygningen var ferdig. Det tilrås fritak i inntil 3 år for nye bustadar /våningshus, rekna frå første skatteår etter tatt i bruk/bygd.
Gjeld nye bygg som ikkje er taksert for eigedomsskatt for skatteåret 2020, som er tatt i bruk/bygde etter 01.01.2020.

Fritaket gjeld ikkje tomt, fritidsbustad og andre bygg på eigedomen, som garasje, naust o.l. Nye tilbygg til eldre bustadar/våningshus inngår ikkje i fritaket.

Fritaket gjeld bygg med bygningskoder frå matrikkel: 111, 112, 113, 121,122, 123,124,131,133,135,136,141,142,143,144,145,146,151,159,162,163, koder for «Enebolig, Enebolig m/hybel mv, Våningshus, Tomannsbolig, Rekkehus, Kjedehus, Terrassehus, Andre småhus, Stor frittliggende bolig i flere etasjer, Bygning for bofellesskap, Helårsbolig/Våningshus benyttes som fritidsbolig»

Sakkunnig nemnd gis fullmakt til å vedta fritak for nye bygningar etter § 7 c i takstvedtak for skatteåret 2026. Liste over lovhjemla fritak etter esktl §5 og § 7 c for 2026 vert oppjustert for endringar til og med 31.12.2025, vedtas av sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og vert utlagt som del av eigedomsskatteliste for 2026.

9. Prisar for kommunale tjenester vedtas i høve til Prisliste kommunale tenester (eige kapittel i sentrale kapittel) og vedlegg "Prisforslag renovasjon 2026"

**Vedtekne endringar i kommunedirektøren sitt forslag - frå formannskapet - Drift og investering:**

**Budsjettforslag innsparing drift:**

| | | Ekstra inn-sparing | Total inn-sparing | Endring |
|---|---|---|---|---|
| **Kommunedirektør og stabar** | 53 571 | 3 % | 5 % | 1 607 |
| **Andre områder** | 4 400 | 2 % | 4 % | 88 |
| **Oppvekst** | 109 864 | 1 % | 3 % | 1 099 |
| **Helse og omsorg** | 112 274 | 0 % | 2 % | - |
| **Samfunn og Næring** | 74 859 | 3 % | 5 % | 2 246 |
| | 354 968 | | | 5 040 |
| **Ekstra innsparing RITS** | | | | 1 000 |
| **Total innsparing** | | | | 6 040 |

**Føringar:**
**Oppvekst:** Ordninga med gratis barnehage held fram som før.
**Helse og omsorg:** reduksjon skal ikkje gå utover tilrettelagde stillingar.
**Samfunn og næring:** Reduksjon gladmat, sjå verbalpunkt nr. 5.
**Tilskot:** Tilskot til barn og unge, lag og organisasjonar samt tilskot til veterinærordninga skal ikkje rammes av nye nedtrekk.

**Verbalpunkt:**
**Bygg og anlegg**
Kommunestyret ynskjer ei sak på veivedlikehold i kommunen. Her skal egen kommunal drift av vegar vurderes opp mot å sette veivedlikehold ut på anbud til private aktørar.

**Eikehaugen**
Eit av kommunens satsingsområde er boligbygging, difor skal Eikehaugen B3 og B8 gjeras klar til tomte-salg ihht vedtaket i formannskapet (sak 098/25)

**3. Brannstasjoner**
Arbeidet med oppgradering av brannstasjonane vert utsett i påvente av ein plan for organisering og plassering av framtidige brannstasjonar og -depot.

**4. Kommunale vegar**
Kommunestyret ber om ein gjennomgang på klassifisering av kommunale vegar.

**5. Gladmat**
Det vert sett av kr 300 000,- i kommunalt tilskot til Gladmat 2026. Det vert samstundes jobba med å hente ekstern finansiering, til dømes frå Ryfylkefondet og andre aktuelle bidragsytarar. Kommunen går i dialog med lokale produsentar og andre aktuelle for å finne ei god løysing for vidare samarbeid og drift av Hjelmeland si Gladmatdeltaking.

**6. Veg Kleppa-Viganeset**
Kommunestyret ber ordføraren og kommunedirektøren arbeide tett opp mot politisk leidelse/administrasjon i fylkeskommunen for å få på plass ei betre vegløysing mellom Kleppakrysset og Viganeset innan 2030.

**Endringar i investering**

**Forslag til endringar i investeringsbudsjettet**

*Grønne felt kan endres (tall i hele tusen)*

| Status | Egne investeringar | F 2026 | P 2026 | F 2027 | P 2027 | F 2028 | P 2028 | F 2029 | P 2029 | 2030 | 2031 | 2035 | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ny investering | Digitalisering IT | 350 | 350 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Utbetring vasskapasitet Hjelmeland sentrum (ikke selvkost) | 7 500 | 7 500 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Oppgradering fasader kommunale bygg | 720 | 720 | 3 000 | 3 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 2 500 | | | |
| Ny investering | Samlokalisering Barnehage Hjelmeland | 17 500 | 17 500 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Ny hovedplan vann og avløp, avløp | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 | | | | | | |
| Ny investering | Oppgradering Hjelmeland Brannstasjon | 1 000 | 0 | 35 000 | 500 | 25 000 | 20 000 | | 20 000 | | | | Planlegging 2027, investering reduseres og forskyves |
| Ny investering | Vågen bru | | | | | | | | | | | 20 000 | |
| Ny investering | Burmavegen | | | | | 10 000 | 10 000 | 30 000 | 30 000 | | | | |
| Ny investering | Kjøling ventilasjonsanlegg ÅOS | 400 | 400 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Tak idrettshallen | | | 3 000 | 0 | 3 500 | 3 500 | | 3 500 | | | | |
| Ny investering | Asfalt og underlag Bjødnabu | | | | | 6 000 | 0 | | | | | | |
| Ny investering | Kjøling ventilasjonsanlegg Hjelmeland omsorgssenter | 400 | 400 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Rehabilitering hovudkjøkken HOS | | | | | 2 500 | 0 | 2 500 | 0 | | | | |
| Ny investering | Oppgradering av tak over kjøkken, Spinneriet | 250 | 0 | | 250 | | | | | | | | |
| Ny investering | Parkeringsplass Hamrane | 300 | 300 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Utbetring vegar - Melslia | 7 500 | 0 | 7 500 | 7 500 | 2 500 | 7 500 | | 2 500 | | | | |
| Ny investering | Utbetring vegar - Pundsnes | 1 000 | 1 000 | 0 | 0 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 2 000 | 2 000 | | |
| Ny investering | Utbetring vegar - Haugavegen Jøsenfjord | | | 3 000 | 0 | | 3 000 | | | | | | |
| Ny investering | Utbetring defekte autovern - Vormedalsvegen mot Tytlandsvik | 1 500 | 0 | 750 | 1 500 | 750 | 750 | | 750 | | | | |
| Ny investering | Utbetring defekte autovern - Hagalidvegen | | | 1 000 | 0 | 0 | 1 000 | | | | | | |
| Ny investering | Kjøp ny kantklipper | | | | | 900 | 0 | | | | | | Gjennomgang av Teknisk drift, investering avventes |
| Ny investering | Kjøp ny dumperhenger | 400 | 0 | | | | | | | | | | Gjennomgang av Teknisk drift, investering avventes |
| Ny investering | Kjøp ny tilhengar med tipp | | | 150 | 150 | | | | | | | | |
| Ny investering | Nye bruer til Viglesdal | 380 | 380 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | Oppgradering bibliotek | 250 | 250 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | ROP boliger - Hjelmeland | 5 000 | 5 000 | | | | | | | | | | |
| Tidlegare vedteke | Garderober Årdal skule | 2 500 | 2 500 | | | | | | | | | | |
| Tidlegare vedteke | Brannsikring kommunale bygg | 500 | 500 | | | | | | | | | | |
| Tidlegare vedteke | Burmavegen planarbeid | 300 | 300 | | | | | | | | | | |
| Tidlegare vedteke | Områdeplan Hj. Sentrum, realisering | | | | | | | | | | 8 000 | | |
| Tidlegare vedteke | Områdeplan Hj. Sentrum, planlegging | 500 | 0 | | 500 | | | | | | | | |
| Tidlegare vedteke | Ny ungdomskule | 106 000 | 106 000 | | | | | | | | | | |
| Tidlegare vedteke | Ledlys i kommunale bygg | 3 000 | 2 000 | 2 000 | 1 000 | | 2 000 | | | | | | |
| Løpande | Leikeapparater skule og barnehage | 500 | 1 500 | 500 | 0 | 500 | 750 | 500 | 750 | | | | Det er behov for oppjustering i Fister, samstundes som Hjelmeland skal opparbeidast |
| Løpande | Velferdsteknologi HOS/ÅOS | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | 300 | | | | |
| Løpande | Nye gulv kommunebygg | 1 750 | 750 | | 500 | | 500 | | | | | | |
| Løpande | Adgangskontroll komm.bygg | 600 | 600 | 600 | 500 | 600 | 600 | | | | | | |
| Løpande | SD anlegg (ventilasjon), ref.klimabudsjett | 1 200 | 1 200 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | | | | | | |
| Ny investering | Samlokalisering Omsorgssenter | | 500 | | 500 | | | | | | | | Kost planleggging 2026 - 27 og kr 100 mill legges inn i 2030 - 2032 |
| Ny investering | Eikehaugen | | 5 000 | | | | | | | | | | |
| Ny investering | | | | | | | | | | | | | |
| Ny investering | .. | | | | | | | | | | | | |
| Ny investering | .. | | | | | | | | | | | | |
| | **Sum egne investeringar** | **161 800** | **155 150** | **58 000** | **17 400** | **61 750** | **59 100** | **41 300** | **65 800** | **4 500** | **10 000** | **20 000** | |

Sal av kommunale bustadar økes fra 1,5 millioner til 5 millioner i 2026.

**Vedtekne endringar frå kommunestyret til innstilling frå formannskapet:**

**Drift:**
Ekstrabevilgning frie midler frå staten, 1,7 mill skal gå til redusert låneopptak

**Investering:**
500.000 kr settes av til lysløype Bjødnabu for 2026

RITS Investering:
Økes med 290.000 til innkjøp av klassesett pc-ar til 10. klasse for 2026.

**Endringar i verbalpunkt:**

**3. Brannstasjonar**
Arbeidet med oppgradering av brannstasjonene vert utsett i påvente av ein plan for organisering av brann- og redningstenesta, som skal sikra at beredskapen i heile kommunen er minst like god som i dag

**7. Handlingsregel kraftinntekter (nytt)**
Kommunestyret ber om ei sak om forvaltning og bruk av kraftinntekter. I saka skal det presenterast forslag til ein handlingsregel som skal sikre god forvaltning og bruk av kraftinntektene til kommunen.

**113/25: Høyring - forslag til ny postlov**

**Forslag til vedtak**
Hjelmeland kommune viser til høyringa om forslag til ny postlov.

Hjelmeland kommune meiner at ein ny postlov må sikra likeverdige posttenester i heile landet. Posten er ei grunnleggjande infrastruktur, og  det er viktig at innbyggjarane i heile landet , får tilgang til påliteleg postlevering. Ein ber om det blir tatt inn i formålsparagrafen.

Hjelmeland kommune ser behovet for å endra lova slik at ein kan tilpassa seg endringar i marknaden. Samstundes må ein ta omsyn til behovet for eit stabilt og heilskapleg tenestetilbod, som også tek høgde for dei brukarane i samfunnet som ikkje er digitale. Kommunen ber difor om at leveringsfrekvensen ikkje blir ytterlegare redusert, men halden på dagens nivå.

**03.12.2025 Formannskapet**

**Behandling:**

Saka vert sendt vidare for endeleg behandling i kommunestyret.

**Røysting:**
Samrøystes vedteke

FSK **-** 163/25 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune viser til høyringa om forslag til ny postlov.
Hjelmeland kommune meiner at ein ny postlov må sikra likeverdige posttenester i heile landet. Posten er ei grunnleggjande infrastruktur, og  det er viktig at innbyggjarane i heile landet , får tilgang til påliteleg postlevering. Ein ber om det blir tatt inn i formålsparagrafen.

Hjelmeland kommune ser behovet for å endra lova slik at ein kan tilpassa seg endringar i marknaden. Samstundes må ein ta omsyn til behovet for eit stabilt og heilskapleg tenestetilbod, som også tek høgde for dei brukarane i samfunnet som ikkje er digitale. Kommunen ber difor om at leveringsfrekvensen ikkje blir ytterlegare redusert, men halden på dagens nivå.

**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**
<u>Høyringsuttale - Ny postlov, foreslått av  Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet</u>
Hjelmeland kommune viser til høyringa om forslag til ny postlov og vil uttala fylgjande:

Ei ny postlov må sikra likeverdige posttenester i heile landet. Posten utgjer i dag  ein grunnleggjande infrastruktur. Det er avgjerande viktig at innbyggjarane i heile landet har tilgang til påliteleg postlevering og sending, også i tida  framover. Hjelmeland kommune meiner målet om likeverdige posttenester må presiserast i formålsparagrafen.

1. Hjelmeland kommune har merka seg at departementet sjølv skriv at det i 2021 var 600 000 innbyggjarar som anten ikkje var digitale eller som var såkalla digitalt sårbare. Det tilseier at sjølv om ein i dag når langt med digitale løysingar, må vi faktisk aktivt ha for auga at  eit stabilt og heilskapleg tenestetilbod som er meint å nå alle, må ta omsyn til  dei brukarane i samfunnet som ikkje er digitale. Vi er samde med departementet i at det i uoverskueleg framtid vil vera behov for posttenester som ikkje føreset digitale løysingar.
2. Hjelmeland kommune merkjer seg vidare at departementet peikar på at ei nedskalering av antalet omfordelingsdagar vil medføre auka leveringstid for mellom anna sendingar frå

apotek. I mange utkantar, som i deler av Hjelmeland kommune, er ein avhengig av å få medisin tilsendt pr post, grunna store avstandar og manglande infrastruktur. Vi meiner at det talar for at leveringsfrekvensen ikkje blir ytterlegare redusert, og ber om at den vert halden på dagens nivå.

3. Hjelmeland kommune merkjer seg også departementet si kartlegging om post i eit beredskapsperspektiv. Det er avgjerande at ein også framover sikrar moglegheit for å sende det som i dag er definert som leveringspliktige tenester og særskilte tenester, som ekspresslevering eller levering av laboratorieprøvar, både humane og veterinære, som krev særskilt handtering, i heile landet. Det må vere mogleg å nå eit postpunkt innanfor rimeleg avstand og tid.
4. Hjelmeland kommune ser elles med uro på dei endringane som avisdistributørane har føreteke denne hausten. I fleire kommunar i området vårt er avisomberinga redusert for mange innbyggjarar. Det å ha tilgang til papiraviser er viktig både for den lokale og den nasjonale samtalen,- for ytringsfridommen og demokratiet. Tilgang på papiraviser er og viktig for å rekruttera barn og unge til å bli aktive og opplyste deltakarar i samfunnsdebatten no og i framtida. Vi vil også streka under det departementet sjølv under punkt 4.4 siterer frå Postutvalet : Frie og uavhengige redaktørstyrte media med høg tillit kan bidra til å beskytta samfunnet mot desinformasjon.

Statlege styresmakter har i fleire år i lag med regionale- og kommunale styresmakter og andre aktørar, engasjert seg i ei vellukka breibandutbygging. Hjelmeland kommune ser gjerne at departementet i tida framover utvider engasjementet med såkalla avbøtande tiltak for å sikra den lokale, regionale og nasjonale papiravisa ei framtid.

**Røysting:**
Forslag frå kommunedirektøren vart sett opp mot endringsforslag frå Kleppa/Egeland, SP:
Endringsforslag frå Kleppa/Egeland, SP: Samrøystes vedteke

KST **-** 113/25 **Vedtak:**
Hjelmeland kommune viser til høyringa om forslag til ny postlov og vil uttala fylgjande:

Ei ny postlov må sikra likeverdige posttenester i heile landet. Posten utgjer i dag ein grunnleggjande infrastruktur. Det er avgjerande viktig at innbyggjarane i heile landet har tilgang til påliteleg postlevering og sending, også i tida framover. Hjelmeland kommune meiner målet om likeverdige posttenester må presiserast i formålsparagrafen.

1. Hjelmeland kommune har merka seg at departementet sjølv skriv at det i 2021 var 600 000 innbyggjarar som anten ikkje var digitale eller som var såkalla digitalt sårbare. Det tilseier at sjølv om ein i dag når langt med digitale løysingar, må vi faktisk aktivt ha for auga at eit stabilt og heilskapleg tenestetilbod som er meint å nå alle, må ta omsyn til dei brukarane i samfunnet som ikkje er digitale. Vi er samde med departementet i at det i uoverskueleg framtid vil vera behov for posttenester som ikkje føreset digitale løysingar.
2. Hjelmeland kommune merkjer seg vidare at departementet peikar på at ei nedskalering av antalet omfordelingsdagar vil medføre auka leveringstid for mellom anna sendingar frå apotek. I mange utkantar, som i deler av Hjelmeland kommune, er ein avhengig av å få medisin tilsendt pr post, grunna store avstandar og manglande infrastruktur. Vi meiner at det talar for at leveringsfrekvensen ikkje blir ytterlegare redusert, og ber om at den vert halden på dagens nivå.

3. Hjelmeland kommune merkjer seg også departementet si kartlegging om post i eit beredskapsperspektiv. Det er avgjerande at ein også framover sikrar moglegheit for å sende det som i dag er definert som leveringspliktige tenester og særskilte tenester, som ekspresslevering eller levering av laboratorieprøvar, både humane og veterinære, som krev særskilt handtering, i heile landet. Det må vere mogleg å nå eit postpunkt innanfor rimeleg avstand og tid.
4. Hjelmeland kommune ser elles med uro på dei endringane som avisdistributørane har føreteke denne hausten. I fleire kommunar i området vårt er avisomberinga redusert for mange innbyggjarar. Det å ha tilgang til papiraviser er viktig både for den lokale og den nasjonale samtalen,- for ytringsfridommen og demokratiet. Tilgang på papiraviser er og viktig for å rekruttera barn og unge til å bli aktive og opplyste deltakarar i samfunnsdebatten no og i framtida. Vi vil også streka under det departementet sjølv under punkt 4.4 siterer frå Postutvalet : Frie og uavhengige redaktørstyrte media med høg tillit kan bidra til å beskytta samfunnet mot desinformasjon.

Statlege styresmakter har i fleire år i lag med regionale- og kommunale styresmakter og andre aktørar, engasjert seg i ei vellukka breibandutbygging. Hjelmeland kommune ser gjerne at departementet i tida framover utvider engasjementet med såkalla avbøtande tiltak for å sikra den lokale, regionale og nasjonale papiravisa ei framtid.

**114/25: Kontrollutvalet sak 38/25 - Forvaltningsrevisjonsrapport "Oppfølgjing av politiske vedtak"**

**Kontrollutvalet si innstilling**

Kommunestyret i Hjelmeland tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak, Hjelmeland kommune» til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å:

- Fortsatt aktivt orientere om saker som er under gjennomføring, gjerne gjennom temamøter o.l.
- Lage en oversikt over vedtak til oppfølging i ledergruppen som grunnlag for tilbakerapportering til politisk nivå. Vurdere hvordan tilbakerapportering kan settes i system, som eksempelvis gjennom tertialrapportene og/eller årsrapport.

Oppfølging av konklusjonene i rapporten blir sendt til kommunestyret via kontrollutvalget ca. 6 - 8 måneder etter vedtak er fattet i kommunestyret

**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**
Forslag til endring i forvaltningsrevisjonsrapport, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Feil i rapporten side 11 må rettast opp. Dette må føyast til som nytt kulepunkt 6 i kap «2.3 Intervjuer» under «Det har blitt gjennomført intervjuer med følgende:»
Politisk gruppeleder SP

**Røysting:**

Innstilling frå kontrollutvalet med vedteken retting i rapporten: Samrøystes vedteke

KST - 114/25 **Vedtak:**

Kommunestyret i Hjelmeland tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Oppfølging av politiske vedtak, Hjelmeland kommune» til orientering. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å:

- Fortsatt aktivt orientere om saker som er under gjennomføring, gjerne gjennom temamøter o.l.
- Lage en oversikt over vedtak til oppfølging i ledergruppen som grunnlag for tilbakerapportering til politisk nivå. Vurdere hvordan tilbakerapportering kan settes i system, som eksempelvis gjennom tertialrapportene og/eller årsrapport.

Oppfølging av konklusjonene i rapporten blir sendt til kommunestyret via kontrollutvalget ca. 6 - 8 måneder etter vedtak er fattet i kommunestyret

Feil i rapporten side 11 må rettast opp. Dette må føyast til som nytt kulepunkt 6 i kap «2.3 Intervjuer» under «Det har blitt gjennomført intervjuer med følgende:»
Politisk gruppeleder SP

**115/25: Kontrollutvalet sak 39/25 - Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS**

**Kontrollutvalet si innstilling**

Kommunestyret i Hjelmeland tar den framlagte eierskapskontrollen med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS til orientering.

Kommunestyret ber om at følgende punkter følges opp av eierne, styret og administrasjonen:

**Ber eierne om å:**

- Sikre at eierskapsmelding utarbeides minst én gang i valgperioden og vedtas av kommunestyret iht. kommuneloven §26-1.
- Eierkommunene bør revidere og vedta en felles eierstrategi med klare og langsiktige mål som bidrar til å skape forutsigbare rammevilkår for selskapet. Eierne bør videre påse at eierstrategien blir revidert i tråd med tidsplanen som er vedtatt.
- Vurdere om dagens krav om revisjon av eierstrategien minst én gang per kommunevalgperiode fortsatt er nødvendig, eller vurdere om en lengre frekvens basert på en jevnlig evaluering i sammenheng med rullering av eierskapsmelding er mer hensiktsmessig.
- Påse at det er tydelig av selskapsavtalen om deltakerne har innskuddsplikt eller plikt til å foreta andre ytelser, og hvordan slike forpliktelser eventuelt skal reguleres jf. IKSloven § 4. 2
- Sikre gjennom selskapets eierorgan, kontinuitet i styret og at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset selskapets formål og virksomhet.
- Sikre at valgkomiteen får reelt handlingsrom til å vurdere og foreslå kandidater til styret basert på selskapets behov.

- Styrke valgkomiteens arbeid ved å kreve at innstillingen inneholder presentasjon av kandidatene, vurdering av deres uavhengighet, og begrunnelse knyttet til styrets samlede kompetanse og sammensetning.
- Vurdere om det bør unngås å oppnevne ordfører eller kommunedirektør som styremedlemmer i kommunalt eide selskaper.
- Vurdere om det bør etableres faste rutiner for håndtering av habilitet i styret, og eventuelt sikre at vurderinger dokumenteres og føres i møteprotokoller ved behov. • Vurdere praksisen med overlappende styremedlemmer i morselskap og datterselskap på nytt.
- Vurdere å samordne eierkommunenes krav og forventninger til bærekraft, klima og miljø i større grad.

**Ber styret og administrasjonen om å:**

- Etablere rutiner for at styret gjennomfører årlige evalueringer av eget arbeid og kompetanse.
- Vurdere behovet for å utvikle et system for opplæring av nye styremedlemmer, som omfatter både generell styreopplæring og innføring i IVARs virksomhet og rammebetingelser.
- Vurdere å etablere mer systematiske og dokumenterte rutiner for årlig vurdering av risikoområder og internkontroll i styret.
- Vurdere å revidere finansreglementet og sikre at rapportering er i tråd med vedtatte retningslinjer.

**Ber styret om å:**

- Det bør utarbeides tydeligere instrukser for styret og daglig leder.

**Ber eierne, styret og administrasjonen om å:**

- Sikre at selskapet og eierkommune følger ny tolkning av selvkost regelverket.

Oppfølging av konklusjonene i rapporten blir sendt til kommunestyret via kontrollutvalget ca. 6 – 8 måneder etter vedtak er fattet i kommunestyret

**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**

**Røysting:**
Samrøystes vedteke

KST **-** 115/25 **Vedtak:**

Kommunestyret i Hjelmeland tar den framlagte eierskapskontrollen med forvaltningsrevisjon av IVAR IKS til orientering.

Kommunestyret ber om at følgende punkter følges opp av eierne, styret og administrasjonen:

**Ber eierne om å:**

- Sikre at eierskapsmelding utarbeides minst én gang i valgperioden og vedtas av kommunestyret iht. kommuneloven §26-1.
- Eierkommunene bør revidere og vedta en felles eierstrategi med klare og langsiktige mål som bidrar til å skape forutsigbare rammevilkår for selskapet. Eierne bør videre påse at eierstrategien blir revidert i tråd med tidsplanen som er vedtatt.
- Vurdere om dagens krav om revisjon av eierstrategien minst én gang per kommunevalgperiode fortsatt er nødvendig, eller vurdere om en lengre frekvens basert på en jevnlig evaluering i sammenheng med rullering av eierskapsmelding er mer hensiktsmessig.
- Påse at det er tydelig av selskapsavtalen om deltakerne har innskuddsplikt eller plikt til å foreta andre ytelser, og hvordan slike forpliktelser eventuelt skal reguleres jf. IKSloven § 4. 2
- Sikre gjennom selskapets eierorgan, kontinuitet i styret og at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset selskapets formål og virksomhet.
- Sikre at valgkomiteen får reelt handlingsrom til å vurdere og foreslå kandidater til styret basert på selskapets behov.
- Styrke valgkomiteens arbeid ved å kreve at innstillingen inneholder presentasjon av kandidatene, vurdering av deres uavhengighet, og begrunnelse knyttet til styrets samlede kompetanse og sammensetning.
- Vurdere om det bør unngås å oppnevne ordfører eller kommunedirektør som styremedlemmer i kommunalt eide selskaper.
- Vurdere om det bør etableres faste rutiner for håndtering av habilitet i styret, og eventuelt sikre at vurderinger dokumenteres og føres i møteprotokoller ved behov. • Vurdere praksisen med overlappende styremedlemmer i morselskap og datterselskap på nytt.
- Vurdere å samordne eierkommunenes krav og forventninger til bærekraft, klima og miljø i større grad.

**Ber styret og administrasjonen om å:**

- Etablere rutiner for at styret gjennomfører årlige evalueringer av eget arbeid og kompetanse.
- Vurdere behovet for å utvikle et system for opplæring av nye styremedlemmer, som omfatter både generell styreopplæring og innføring i IVARs virksomhet og rammebetingelser.
- Vurdere å etablere mer systematiske og dokumenterte rutiner for årlig vurdering av risikoområder og internkontroll i styret.
- Vurdere å revidere finansreglementet og sikre at rapportering er i tråd med vedtatte retningslinjer.

**Ber styret om å:**

- Det bør utarbeides tydeligere instrukser for styret og daglig leder.

**Ber eierne, styret og administrasjonen om å:**

- Sikre at selskapet og eierkommune følger ny tolkning av selvkost regelverket.

Oppfølging av konklusjonene i rapporten blir sendt til kommunestyret via kontrollutvalget ca. 6 – 8 måneder etter vedtak er fattet i kommunestyret

**116/25: Rullering av plan for idrett og fysisk aktivitet 2026**

**Forslag til vedtak**

Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:
1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

*Framtidige planar i uprioritert rekkefølgje:*
*·Rullestoltilgang på offentlege badeplassar*
*·Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle*
*·Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader*
*·Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle*
*·Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis*
*·Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid*
*·Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane*
*·Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen*
*·Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule*
*·Område for skileik på Bjødnabu*
*·Rundløype rundt Steinslandsvatnet*
*·Rundløype rundt Hetlandsvatnet*
*·Rundløype rundt Riskedalsvatnet*
*·Ny hytte på Bjødnabu*
*·Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn*
*·Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu*
*·Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering*
*·Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall*
*·Aktivitetspark på Sande*

**06.11.2025 Seniorrådet**

**Behandling:**

ELD **-** 033/25 **Vedtak:**
Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:
1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

*Framtidige planar i uprioritert rekkefølgje:*
*·Rullestoltilgang på offentlege badeplassar*
*·Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle*
*·Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader*
*·Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle*

*·Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis*
*·Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid*
*·Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane*
*·Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen*
*·Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule*
*·Område for skileik på Bjødnabu*
*·Rundløype rundt Steinslandsvatnet*
*·Rundløype rundt Hetlandsvatnet*
*·Rundløype rundt Riskedalsvatnet*
*·Ny hytte på Bjødnabu*
*·Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn*
*·Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu*
*·Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering*
*·Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall*
*·Aktivitetspark på Sande*
**06.11.2025 Råd for menneske med funksjonshindring**

**Behandling:**
<u>Alternativt forslag , foreslått av Helge Mæle, Uavhengig</u>
Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:
1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.
**6. *Rullestoltilgang på offentlege badeplassar. Ikkje tippemiddelprosjekt.***

*Framtidige planar i uprioritert rekkefølgje:*
*·Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle*
*·Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader*
*·Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle*
*·Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis*
*·Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid*
*·Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane*
*·Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen*
*·Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule*
*·Område for skileik på Bjødnabu*
*·Rundløype rundt Steinslandsvatnet*
*·Rundløype rundt Hetlandsvatnet*
*·Rundløype rundt Riskedalsvatnet*
*·Ny hytte på Bjødnabu*
*·Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn*
*·Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu*
*·Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering*
*·Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall*
*·Aktivitetspark på Sande*

***Røysting alternativt forslag**: samrøystes*

Medlem Mæle reiste spørsmål om inhabilitet i saka, ettersom han er grunneigar i Viglesdalen. Medlem Gundersen vurderte at Mæle ikkje er inhabil, då saka ikkje inneber økonomiske bevilgningar frå rådet.

**Røysting forslag Gundersen**: samrøystes

FUNK **-** 035/25 **Vedtak:**
Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:
1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.
**6. *Rullestoltilgang på offentlege badeplassar. Ikkje tippemiddelprosjekt.***

*Framtidige planar i uprioritert rekkefølgje:*
*·Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle*
*·Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader*
*·Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle*
*·Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis*
*·Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid*
*·Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane*
*·Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen*
*·Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule*
*·Område for skileik på Bjødnabu*
*·Rundløype rundt Steinslandsvatnet*
*·Rundløype rundt Hetlandsvatnet*
*·Rundløype rundt Riskedalsvatnet*
*·Ny hytte på Bjødnabu*
*·Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn*
*·Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu*
*·Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering*
*·Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall*
*·Aktivitetspark på Sande*
**11.11.2025 Barn og unge sitt kommunestyre**

**Behandling:**

Leiar las opp prioriteringslista under *Prioritering av anlegg for 2026* i saksdokumentene.

Representantane fekk etterpå moglegheit til å kome med innspel.

Akram Albakkar og Aslak Mjølhus kom med innspel om denne prioriteringsrekka:

- Symjehallen i Hjelmeland kommune
- Rehabilitering av kunstgressbane og rehabilitering av innbytterbenker
- Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
- Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
- Det er innspel om å oppdatere ballbingen på barneskulen med vanlige mål på kortsidene av banen og på den eine banehalvdelen og sette to mål på langsiden, slik at det går an å spele ved å bruke berre halve banen også.

BUK - 018/25 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

**02.12.2025 Ungdomsrådet**

**Behandling:**

Ungdomsrådet prioriterte i denne rekkefølga. Røystinga blei gjennomførd ved munleg røysting og handsopprekning.

**Røysting:**

Ungdomsrådet si prioriteringsliste vart i denne rekkefølga:

1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.
3. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
4. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg. Elevane på barneskulen bruker fortsatt den banen dei har, men den burde blitt pussa opp.
5. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.

UNG - 013/25 **Vedtak:**

Ungdomsrådet si prioriteringsliste vart i denne rekkefølga:

1\. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.<br>
5\. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.<br>
4\. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.<br>
3\. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg. Elevane på barneskulen bruker fortsatt den banen de har, men den burde blitt pusset opp.<br>
2\. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.

Saka vert godkjent slik den ligg føre.

**03.12.2025 Formannskapet**

**Behandling:**

Kommunen har fått 1,7 mill. i ekstra tippemidlar 2025 som kan nyttast til ny løypetrasé og lysanlegg på Bjødnabu. Kostnadar for kommunen vert ca kr 500 000,-

**Røysting:**
Samrøystes vedteke

FSK - 155/25 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:

1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.
6. I samband med bygging av ny ungdomsskule, vil det òg bli søkt om spelemidlar til fleire nærmiljøanlegg i 2026 - mellom anna sandvolleyballbane, ball-/isbane, bordtennisbord, hinderløype, klatrevegg/buldring. Det blir òg søkt om spelemidlar til lys og vatn.

*Framtidige planar i uprioritert rekkefølgje:*
*·Rullestoltilgang på offentlege badeplassar*
*·Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle*
*·Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader*
*·Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle*
*·Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis*
*·Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid*
*·Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane*
*·Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen*
*·Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule*
*·Område for skileik på Bjødnabu*
*·Rundløype rundt Steinslandsvatnet*
*·Rundløype rundt Hetlandsvatnet*
*·Rundløype rundt Riskedalsvatnet*
*·Ny hytte på Bjødnabu*
*·Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn*
*·Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu*
*·Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering*
*·Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall*
*·Aktivitetspark på Sande*
**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**
Tilleggsforslag, foreslått av  Berit Søvik Østerhus, Senterpartiet
På lista over prioriterte anlegg blir det lagt til eit punkt 7:
Rullestoltilgang på offentlege badeplassar. Ikkje tippemiddelprosjekt.

**Røysting:**
Endringsforslag frå Østerhus, SP: Samrøystes vedteke
Innstilling frå formannskapet med vedteken endring: Samrøystes vedteke

KST  - 116/25 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune prioriterer desse anlegga for idrett og fysisk aktivitet i 2026:
1. Symjehall i Hjelmeland. Ordinært anlegg.
2. Ny løypetrasé og nytt lysanlegg på Bjødnabu. Ordinært anlegg.
3. To trearbanar ved Hjelmeland barneskule. Nærmiljøanlegg.
4. Toalett og friluftsområde ved offentleg badeplass i Tytlandsvik. Ordinært anlegg.
5. Rehabilitering av kunstgras på Hjelmeland. Ordinært anlegg.

6. I samband med bygging av ny ungdomsskule, vil det òg bli søkt om spelemidlar til fleire nærmiljøanlegg i 2026 - mellom anna sandvolleyballbane, ball-/isbane, bordtennisbord, hinderløype, klatrevegg/buldring. Det blir òg søkt om spelemidlar til lys og vatn.
7. Rullestoltilgang på offentlege badeplassar. (Ikkje tippemiddelprosjekt)

*Framtidige planar i uprioritert rekkefølgje:*
*·Rullestoltilgang på offentlege badeplassar*
*·Tilrettelagte turstiar som kan gås av alle*
*·Skilting av turstiar som kan brukast av alle, uansett alder og føresetnader*
*·Universell utforming av nye anlegg, tilgjengeleg for alle*
*·Fleirbruksbane sentralt blant anna til Volleyball, Tennis*
*·Område med høve for enkle aktivitetar og sitjeplassar, til bruk spesielt sommarstid*
*·Fleirbruksanlegg Årdal, inkludert løpebane*
*·Fleirbruksareal i forbindelse med ny/ombygging av ungdomsskulen*
*·Opprusting av uteareal ved Hjelmeland barneskule*
*·Område for skileik på Bjødnabu*
*·Rundløype rundt Steinslandsvatnet*
*·Rundløype rundt Hetlandsvatnet*
*·Rundløype rundt Riskedalsvatnet*
*·Ny hytte på Bjødnabu*
*·Leikeplass i kvar bygd, innbyr til fysisk aktivitet frå heilt små barn*
*·Tilrettelegging for skiløypenett i området Bønardalen/Bjødnabu*
*·Skiløype (lysløype) i Lyngsheia (langtidsperspektiv) inkludert tilrettelegging for parkering*
*·Etablering av padeltennisbanar/padeltennishall*
*·Aktivitetspark på Sande*

**117/25: Suppleringsval styre, råd og utval - November 2025**

**Forslag til vedtak**
Saka vart lagt fram utan tilråding frå kommunedirektøren.

**03.12.2025 Formannskapet**

**Behandling:**

**Røysting:**
Utsetjingsforslag: Samrøystes vedteke

FSK **-** 159/25 **Vedtak:**

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 11. desember.

**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**
Suppleringsval , foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet
Vara til politisk observatør ungdomsrådet: Johannes Våge

Fast medlem representantskap IUA:
Rolf Arne Olsen

1. Vara: Silje Sværen
2. Vara: Arthur Fjeldheim Egeland

Supplering til varaliste AFU for partia SP, SV og AP
6. Vara: Dagfinn Hatløy
7. Vara: Jakob Nessa
8. Vara: Anna Lena Kleppa

**Røysting:**
Forslag frå Egeland, SP: Samrøystes vedteke

KST **-** 117/25 **Vedtak:**
Vara til politisk observatør ungdomsrådet:

Johannes Våge

Fast medlem representantskap IUA:

Rolf Arne Olsen

1. Vara: Silje Sværen
2. Vara: Arthur Fjeldheim Egeland

Supplering til varaliste AFU for partia SP, SV og AP:

6. Vara: Dagfinn Hatløy
7. Vara: Jakob Nessa
8. Vara: Anna Lena Kleppa

**118/25: Høyringsuttale - Regionalplan for natur og klimaomstilling i Rogaland 2026 - 2050**

**Forslag til vedtak**
Hjelmeland kommune har følgjande uttale til forslag til "Regionalplan for natur og klimaomstilling i Rogaland 2026–2050":

Hjelmeland kommune er i hovudsak positiv til planframlegget, og meiner det er bra at det kjem på plass ein regionalplan for desse viktige tema.

**Til mål og prioriterte tiltak:**
Kommunen støttar hovudmålet i planen og dei valde innsatsområda. Handlingsprogrammet skildrar prioriterte tiltak for 2026–2030. Hjelmeland kommune ser at det er fleire gode tiltak, og har i tillegg nokre merknader:

• **Natur- og klimaomstillingsettverk:** Kommunen er positiv til nettverk, men vil presisere kor viktig det er å sjå dette i samanheng med eksisterande nettverk og å unngå at deltaking blir for ressurskrevjande for kommunane. I mindre kommunar med avgrensa ressursar til klimaarbeid kan det vere utfordrande å prioritere deltaking.

• **Areal- og naturrekneskap, Rogaland i tal og klimadashbord:** Kommunen er positiv til utvikling av konkrete verktøy som kan forenkle arbeidet med å hente inn informasjon og skaffe oversikt.

• **Klimasårbarheitsanalyse:** Hjelmeland kommune meiner detter er eit viktig tiltak. I tillegg til å analysera klimasårbarhet bør det prioriterast tiltak der risiko for naturfare er kjent, jf. tiltaksområdet "Trygt og klimatilpasset" med tilhøyrande strategi: "Jobbe aktivt med gjennomføring og finansiering av forebyggende tiltak, beredskapstiltak og sikringstiltak som reduserer klimasårbarhet."

• **Stimulere til industriell symbiose:** Dette er det einaste tiltaket, som omhandlar bruk av tilskotsmidladlar og støtte. Kommunen støttar dette tiltaket, og trur det kan vera viktig for å få til naudsynt omstilling i Rogaland.

I kommunane kan det vera utfordrinde å gjera gode prioriteringar mellom ulike tiltak. Fylkeskommunen kan spele ei viktig rolle ved å tilby kunnskap, verktøy, og faglege råd. God intern samordning i fylkeskommunen – på tvers av sektorar og avdelingar – vil òg styrkje samarbeidet med kommunane.

**Til tilrådingar for kommunesektoren:**

Alle dei tolv aktivitetane i lista er relavante og nyttige for å jobbe for eit betre naturforvaltning, klima- og energiomstilling og klimatilpassing, men det vil vera krevande for alle kommunane å ha ressursar og kompetanse til å klare å følgje opp alt. Særleg kan det vera ei utfordringa for kommunar som er store i areal, men som har få innbyggjerar og små kommuneadministrasjonar.
For at kommune skal kunne klare å følgje opp desse tilrådingane vil det vera vesentleg at fylkeskommunen og Statsforvaltaren/staten kan støtta kommunane i arbeidet.

**11.12.2025 Kommunestyret**

**Behandling:**

**Røysting:**
Samrøystes vedteke

KST - 118/25 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune har følgjande uttale til forslag til "Regionalplan for natur og klimaomstilling i Rogaland 2026–2050":

Hjelmeland kommune er i hovudsak positiv til planframlegget, og meiner det er bra at det kjem på plass ein regionalplan for desse viktige tema.

**Til mål og prioriterte tiltak:**
Kommunen støttar hovudmålet i planen og dei valde innsatsområda. Handlingsprogrammet skildrar prioriterte tiltak for 2026–2030. Hjelmeland kommune ser at det er fleire gode tiltak, og har i tillegg nokre merknader:

• **Natur- og klimaomstillingsettverk:** Kommunen er positiv til nettverk, men vil presisere kor viktig det er å sjå dette i samanheng med eksisterande nettverk og å unngå at deltaking blir for ressurskrevjande for kommunane. I mindre kommunar med avgrensa ressursar til klimaarbeid kan det vere utfordrande å prioritere deltaking.

• **Areal- og naturrekneskap, Rogaland i tal og klimadashbord:** Kommunen er positiv til utvikling av konkrete verktøy som kan forenkle arbeidet med å hente inn informasjon og skaffe oversikt.

• **Klimasårbarheitsanalyse:** Hjelmeland kommune meiner detter er eit viktig tiltak. I tillegg til å analysera klimasårbarhet bør det prioriterast tiltak der risiko for naturfare er kjent, jf. tiltaksområdet "Trygt og klimatilpasset" med tilhøyrande strategi: "Jobbe aktivt med gjennomføring og finansiering av forebyggende tiltak, beredskapstiltak og sikringstiltak som reduserer klimasårbarhet."

• **Stimulere til industriell symbiose:** Dette er det einaste tiltaket, som omhandlar bruk av tilskotsmidladlar og støtte. Kommunen støttar dette tiltaket, og trur det kan vera viktig for å få til naudsynt omstilling i Rogaland.

I kommunane kan det vera utfordrinde å gjera gode prioriteringar mellom ulike tiltak. Fylkeskommunen kan spele ei viktig rolle ved å tilby kunnskap, verktøy, og faglege råd. God intern samordning i fylkeskommunen – på tvers av sektorar og avdelingar – vil òg styrkje samarbeidet med kommunane.

**Til tilrådingar for kommunesektoren:**

Alle dei tolv aktivitetane i lista er relavante og nyttige for å jobbe for eit betre naturforvaltning, klima- og energiomstilling og klimatilpassing, men det vil vera krevande for alle kommunane å ha ressursar og kompetanse til å klare å følgje opp alt. Særleg kan det vera ei utfordringa for kommunar som er store i areal, men som har få innbyggjerar og små kommuneadministrasjonar.
For at kommune skal kunne klare å følgje opp desse tilrådingane vil det vera vesentleg at fylkeskommunen og Statsforvaltaren/staten kan støtta kommunane i arbeidet.